



For meir informasjon: www.brygdekinoen.no

Hovden grendehus:

Tysdag 10.03

Kl. 17:30: Fremad

Tysdag 24.03

Kl 17:30: Flukten over grensen



Bykle samfunnshus:

Ondsdag 11.03

Kl. 17:30: Fremad

Ondsdag 25.03

Kl 17:30: Flukten over grensen

Ope møte om treningstilboda ved

Bykle samfunnshus

Ondsdag 15. april kl. 18.-20. i kinosalen Bykle samfunnshus

Vi inviterar til ope møte der vi ynskjer innspel om behov for endringar i dagens tilbod, evt. nye treningstilbod ved Bykle samfunnshus.

Vi inviterar spesielt Bykle I.L., frivilligsentralen, ungdomsrådet og helsetenesta til å delta. Hovudfokus er folkehelse, og det er jo så mangt!

Helsing kultur & fritid

Årsmøte i Bykle og Hovden teaterlag

Tid og stad: Jernvegen 18 tysdag 17. mars klokka 19.00

Vanlege årsmøtesaker

Innmelde saker må vere styret v/Berit i hende innan tysdag 3. mars.



Velkommen!

Helsing styret

Bykle og Valle kunstlag inviterer til:

Pop-up-utstilling og konsert

Bilder: Grete Swahn

Gitar og elektronikk: Atle Pakusch Gundersen

En takk for oss etter tilsammen 10 år i Setesdal.

20-70% på bilder.
Gratis signerte trykk
til de 5 første besøkende.

Laurdag 21. mars

Kl. 12-16:00
Kyrkjesta Sæbyggen i Valle



www.valle.kyrkja.no / www.brykje.kyrkja.no

Det er mykje som skjer i Valle og Bykle kyrkjene .

Sjå kalenderen på nettsidane.

Gudstenester

Dato	Sted	klokkeslett
01.mar	Bykle	11.00
15.mar	Fjellgardane	19.00

Middagsfellesskap i Bykle kyrkje våren 2020

Me inviterer til middag i kyrkjekjellaren fylgjande dagar:

- Tysdag 3.mars: Filippinsk mat
- Tysdag 31.mars: Heimelaga lapskaus m/tilbehør
- Tysdag 12.mai

Middag frå kl 16:30. Pris kr 70,- for vaksne, born u/10 år gratis. Velkommen!

Arr.: Diakonitenesta i Bykle

Song- og musikkveld i Skafsåheii fjellkyrke

Fredag 13. mars kl. 1900

Allsong, solo- og duettsong

Piano, gitar og saxofon

Gjester: Herdis og Øyvind Jørgensen,
Hallvard Jørgensen og Helge Johannessen



Kollekt til drift av fjellkyrka

Enkel servering

Velkommen!

Arr: Fjellkyrkjelaget



Biblioteket Hovden grendehus torsdag 5.mars kl. 18-19.

Velkommen til deg som treng øve på å snakke norsk OG til deg som vil bli kjent med nye folk!

Kjenner du nokon som treng å øve på norsk? Inviter vedkommande med deg då vel

Meiropent bibliotek

Biblioteket minner om at personar over 16 år no kan inngå avtale med biblioteket i Bykle om bruk av biblioteket utover ordinær opningstid, i tidsrommet 7-23 alle dagar.



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune



Mars 2020 | 31. ÅRGANG | OPPLAG 982

Krigshistorie tema på kulturkafeen i mars.

Hyttebyklar Ole Asbjørn Bergstøl skal halde foredrag om flysleppa i Bykleheiene under krigen og vise utstyr og materiell knytt til dette. Han håper også publikum kan kome med opplysningar han ikkje veit om. Bergstøl planlegg ny leiting etter gjenstandar i terrenget ved Korpenut og dykking i enkelte vatn. Dette kan du bli med på!



Velkommen i Bykle samfunnshus onsdag 17. mars kl. 18.00! Gratis inngong.

Arrangør: Kultur & fritid.

foto: akht.no

HOVDEN GRENDEHUS

7. MARS

**UKM KONSERT
15.30 - CA. 17.30**

**UKM KUNSTUTSTILLING
I FOAJEEN**

BAND - SANG - KUNST - DANS -

M.M.



ukm.no/ukm.no/bykle-valle

TA MED HEILE FAMILIEN!

Kulturprisen 2020.

Har du nokon gong tenkt at han, ho eller dei burde få Bykle kommune sin kulturpris? Enkeltpersonar og lag kan kome med framlegg og kandidatane kan vere enkeltpersonar og lag. Frist 1. april.

Kulturmiddlar 2020.

Alle lag og organisasjoner som driv med kulturaktivitetar, kan søkje Bykle kommune om kulturmiddlar. Søknadsskjema på kommunen si heimeside. Frist 1. april.

LIM-middlar 2020. (Likestilling, inkludering og mangfold.)

Lag og organisasjoner som har eller planlegg aktivitetar og/eller arrangement som vil ha positiv verknad for likestilling, inkludering og mangfold i kommunen, kan søkje om middlar til dette. Frist 1. april.

Retningsliner og informasjon.

Du finn retningsliner og meir informasjon om kulturmiddlane, LIM-middlane, kulturprisen og utviklingsstipendet på Bykle kommune si heimeside under fana «Kultur & fritid» og deretter «Tilskotsordningar kultur.» Du må gjerne kontakte kulturrådgjevar Leif Kvinnlog om du treng meir informasjon eller hjelp med utfylling, leif.kvinnlog@bykle.kommune.no

Ønsker du å være frivillig på HovdenTour 2020?



HOVDENTOUR

Laurdag 21.mars blir den 9. utgåva av HovdenTour arrangert. Det er idrettslaget Bykle IL og Hovden Sportsklubb som er hovedarrangør av skirennet.

I fjar hadde vi 160 frivillige, så ynskjer du å bidra treng vi hjelpe til mange ulike ting. Det kan også være mogeleg å hjelpe til på fredag 20.mars om laurdagen ikkje passar.

Ta kontakt med Roar Hjelmeset på Roar@hovdentour.no om du føler du kan bidra disse dagene.



Styrketrening for vaksne damer

(lavterskel)

Onsdagar på dagtid kl. 10.30-12.00 og torsdagar på ettermiddagen, kl. 17.- 18.

Mosjonsrommet på grendehuset er reservert for styrketrening for vaksne damer.

Eit lavterskelt tilbod for dei som vil trenre litt. Sabine, som jobbar på grendehuset, hjelper gjerne til for å komme i gong med greie øvelsar :-)

Arr.: Kultur & fritid/Bykle frivilligsentral



Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersielle hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Dei neste utgåven av Byklaren kjem ut som fylgjer:

Mars (Frist 15.02), April (Frist 15.03), Mai (Frist 15.04)

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

LIM-midlar 2020. (Likestilling-, inkludering- og mangfalds- midlar)

Definisjonar:

Likestilling: at alle personer skal ha like rettigheter og muligheter i samfunnet, uavhengig av blant annet kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet og religion.

Inkludering: at alle som bor i Norge skal ha like muligheter og plikter til å bidra og til å delta i fellesskapet, og hvordan samfunnet bør organiseres for å oppnå dette.

Mangfold (menneskelig og kulturelt): at det er en variert sammensetning av mennesker med ulike bakgrunner og forutsetninger i et samfunn eller en institusjon.»

Bykle kommune har øyremerka 75 000 kr til friviljuge lag og organisasjonar som kan vise til planar om aktivitetar og arrangement i 2020 som særleg rettar seg mot likestilling, inkludering og mangfold. Søknaden sender du til postmottak@bykle.kommune.no og må innehalde omtale av aktiviteten eller arrangementet ein vil gjennomføre og eit budsjett.

Søknadsfrist 1. april

Leige av lokaler og utstyr kulturhus

I årets kommunebudsjett, vart det vedteke å innføre betaling for leige av lokaler utanom opningstid for alle. Det vil seie at fastbuande, samt lokale lag/org. (inkl. hytteforeningar i Bykle), må betale kr. 400,- pr. dag for lokaler utanom opningstid. Unntak: lokal aktivitet retta mot born 0-16 år.

Komplett prisliste for utleige av lokaler og utstyr finn du her: www.bykle.kommune.no/hovden-grendehus

Bykle legekontor opnar onsdag 4/3

Koordinerande eining i Bykle og Valle er no lagt til pleie- og omsorg.

Ynsker du å melde fram eit mogleg behov for habilitering, rehabilitering, individuell plan og koordinator?

Då vender du deg til pleie- og omsorgsleiar i din kommune, som kallar inn koordinerande eining. Koordinerande eining kjem så til å ta kontakt med deg innan kort tid for vidare avklåring.

Boksirkel

Nytt møte i boksirkelen mandag 9.mars kl. 19-20 på biblioteket på Hovden grengehushus. Vi diskuterer boka Frøken Island av Audur Ava Olafsdottir. Alle er velkomne, biblioteket skaffar månadens bok 😊

Arr: Biblioteket



KULTUR

kva skjer neste mnd?

- 2. april Språkkafe på biblioteket på Hovden kl. 18.
- 4. april LaurdagsOpe grengehushus kl. 10.-15.
- 7. april Kino på Hovden 17.30 og 19.30 (James Bond!)
- 9. april PåskeParty for ungdom 13-18 år, gr.huset
- 15. april Ope møte, treningstilbod Bykle samf.hus
- 20. april Barneforestilling Hovden grengehushus
- 20. april Boksirkel på biblioteket på Hovden kl. 19.
- 21. april «Frivillig med Sylvia», biblioteket i Bykle
- 21. april Kino på Hovden 17.30 og 19.30
- 22. april Kino i Bykle kl. 17.30 og 19.30
- 29. april Kulturkafé i Bykle samfunnshus

Tømekalender

Restavfall: 11.03
Matavfall: 11.03, 25.03
Glas/metall, papir og plast: 25.03

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30
- Den 1. laurdagen i kvar måned frå kl. 09:00 til 15:00.

Sommarjobb for skuleelevar / studentar

Sommarjobb for skuleelevar / studentar med fast bustadsadresse i Bykle kommune.

Aktuelle søkjarar blir tekne inn etter særskilde vilkår. Skuleelevar kan søkje frå dei er ferdige med 10. trinn. Ordninga gjeld for elevar/studentar som har gjenge på skule /studert på heiltid.

Bykle kommune treng sommarvikarar innan desse områda

- * Teknisk drift og eigedom (grøntanlegg, vedlikehaldsoppgåver inne / ute, reinhald).
- * SFO Bykle og Hovden (helst med sertifikat).
- * Barnehage, Bykle og Hovden

For å arbeide i barnehage og SFO er det er krav om godkjend politiattest.

Søkjarar til barnehage og SFO bør vere over 18 år, men dette er ikkje absolutt krav

Søkjarane må skrive i søknaden kva for skule/studiestad dei har gått på siste halvår og spesifisere når tid dei ønsker å arbeide og prioritert arbeidsområde.

Det er ønskjeleg at arbeidsperioden er samanhengande.

Løn etter tariff.

Nærare opplysningar kan du få ved å vende deg til personalsjef Liv Hilde Holm, telefon 37938609 / 90610215.

For å søkje må du gå inn på www.bykle.kommune.no/ledige-stillingar

Søknadsfrist 18. mars

Bykle Jeger og Fiske Forening avholder årsmøte

4/3-20120 kl. 18 på Hovden Grendehus

Agenda:

- * Konstituering av møtet
- * Årsmelding
- * Regnskap
- * Inkomne/andre saker
- * Budsjett og kontigent
- * Val

Det blir enkel servering og trekkepremier til dei som kjem!



Vel møtt!

LaurdagsOpe grengehushus

7. MARS
KL10-15 & KONSERT UKM kl 15.30-17.30

- Ung Kultur Møtast-Bykle og Valle, bil: 50 kr over 18 år
- UKM Konsert kl 15.30—ca. 17.30
- UKM Kunstufling av ungdommar i foaje
- Aktiviter for store og små.
- Opent bibliotek, og treningsrom.
- Sal av Thaimat ved Chananya frå kl 12.00-15.00



Bykle og Valle
KUNSTLAG

Årsmøte i Bykle og Valle kunstlag

tirsdag 17 mars kl. 18:00
Kyrkjestoga Sæbyggjen i Valle.

Dei som er medlemmer er med i trekning av eit ferdig innramma trykk av Olaug Åsen.

Enkel servering. Velkommen!



Minner om at den som vil ha bøkene Heimar og folk i Bykle og Bykle kultursoge kan hente gratis på rådhuset i Bykle, begge biblioteka og turistkontoret på Hovden.